

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
054/17	Formannskapet	PS	15.06.2017
049/17	Kommunestyret	PS	22.06.2017

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jan Olav Osen	FA - H16, HistSak - 13/1002	14/719

Region Nordhordland Helsehus - Utvida låneramme

Vedlegg:

Sak 6-17. Protokoll 1-2017 Representantskap RNHI 24. mai-underskrift

Saksframlegg til endeleg handsaming i eigarkommunane - Region Nordhordland Helsehus, utvida rammer for låneopptak

Vedlegg 1. 2017 RNHI Saksframlegg om utvida ramme lån i selskapsavtalen

Vedlegg 2. Protokoll 1-2017 Representantskap RNHI 24. mai

Vedlegg 3. Sak 3-17. Utvida låneramme RNHI

Vedlegg 4. Selskapsavtale Helsehus - forslag revidert juni 2017

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune sluttar seg til at selskapsavtalen §7-4 vert endra og at høgaste ramme for selskapet sitt samla låneopptak vert sett til kr 640 millionar kroner under føresetnad at leigetakarane underteiknar leigeavtalane.

Formannskapet - 054/17 - 15.06.2017

FS - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes tilrådd

FS vedtak:

Austrheim kommune sluttar seg til at selskapsavtalen §7-4 vert endra og at høgaste ramme for selskapet sitt samla låneopptak vert sett til kr 640 millionar kroner under føresetnad at leigetakarane underteiknar leigeavtalane.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Kommunane i Nordhordland ønskjer å realisera eit helsehus i Knarvik for å kunne tilby gode lokale til helsetenestene og på den måten sikre innbyggjarane i regionen eit godt tenestetilbod lokalt. For å realisera prosjektet er selskapet Region Nordhordland Helsehus IKS (RNHI) etablert. Dei viktigaste leigetakarane er Lindås kommune, interkommunale tenester, Helse Bergen og Fylkeskommunen (fylkestannlegen).

Region Nordhordland Helsehus IKS ber om at kommunane handsamar sak om utvida rammer for låneopptak i sine respektive kommunestyre i juni slik at prosjektet kan halda gjeldande framdriftsplan.

Vedlagt følgjer forslag til felles vedtak i kommunestyrene i eigarkommunane.

Eit samråystes Representantskap gjorde dette vedtaket onsdag 24. mai 2017:
«Representantskapet ber styret i Region Nordhordland Helsehus IKS fremja sak for kommunane om å endra selskapsavtalen §7-4 og at høgaste ramme for selskapet sitt samla låneopptak vert sett til 640 millionar kroner under føresetnad av at leigetakarane underteiknar leigeavtalane».

Styret i Region Nordhordland Helsehus IKS sitt framlegg til vedtak i kommunestyra:
xxxxxx kommune sluttar seg til at selskapsavtalen §7-4 vert endra og at høgaste ramme for selskapet sitt samla låneopptak vert sett til kr 640 millionar kroner under føresetnad av at leigetakarane underteiknar leigeavtalane.

Det er totalt 13 230 m² BTA (eks underetasje) som er fordelt på dei ulike leigetakarane. I dette arealet er også felles areal inkludert mellom anna møterom og tekniske rom.

Kostnaden med prosjektet:

Forprosjekt med kalkyle vart levert 31. mars 2017. Etter dette har Metier AS gjennomført usikkerheitsanalyse på forprosjektet og kalkylen. Med bakgrunn i dette, er den totale forventa kostnaden (P50) med prosjektet berekna til kr 719 mill. For den delen av arealet som kommunen og fylkeskommunen leiger, så får RNHI refundert mva.

Det er rekna med om lag 10 mill. kr i tilskott frå

Husbanken. Dette gir ein netto forventa kostnad på kr 623 mill.

Økonomien i prosjektet:

I saksutgreiinga til representantskapet i Region Nordhordland Helsehus IKS blir det vist til at det i samarbeid med leigetakarane er utforma leigeavtalar som gjeld for 20 år. Leigeprisane er utforma med grunnlag i netto forventa kostnad. Endeleg leige vil bli avtalt når byggerekneskap er ferdig. Endra rentenivå vil også gi grunnlag for endring i leiga. Fylkeskommunen og Helse Bergen vil underteikna leigeavtalar no i mai. Lindås kommune får avklart dette endeleg ved handsaming av økonomiplan for perioden no i mai/juni.

I saksutgreiinga til Representantskapet i Nordhordland Helsehus IKS sitt møte 24. mai står det følgjande om behovet for utvida låneramme:

Med grunnlag i netto forventa kostnad og ein forseinking i refusjon av mva og tilskott frå Husbanken ser selskapet det som naudsynt å ha ei låneramme på kr 640 mill.

Låneramma er kr 190 mill. høgare enn det som er signalisert tidlegare. Dette skuldast mellom anna:

- Tidlegare anslått låneramme var i 2014-kroner utan at det låg skisseprosjekt/forprosjekt til grunn

- Det er lagt inn midlar til likviditet (kr 17. mill.) i påvente av refusjon av mva og tilskott

- Tillegg etter usikkerheitsanalyse var ikkje rekna med (kr 55 mill.)

- Huset har auka med noko over 700 m²

- Krava i TEK 10 og TEK 17 gir auka kostnader

- Det er lagt inn ein kostnad for usikkerheit i prosjektet
- Leigetakarane sine krav til utforming i brukarprosessen
- Prosjektet har blitt forsinka – prisauke
- Mykje teknisk krevjande areal (ambulanse, legevakt, ØHD, tannlege, dialyse, lydtette behandlarkontor, oksygen m.v. i veggar). Kostnadane er no kunne berekna nærmere til denne type bygg og innhald med dei tekniske krav ein har utover t.d. eit reint kontorbygg
- Kostnadar med utbyggingsavtale og grensesnittet mellom bygg og utbygging av kommunal infrastruktur m.v. som det er krav til i områdeplanen

Styret i Region Nordhordland Helsehus IKS si vurdering:

Bygget har no fått ei utforming som er i samsvar med leigetakarane sine ønskjer. Det vil ivareta målet som prosjektet har om å legge til rette for framtidssretta helsetenester i regionen. Leigeavtalane sikrar økonomien til selskapet og kommunane sin risiko i prosjektet er svært lita.

Styret tilrår at låneramma vert auka til kr 640 mill. slik at prosjektet kan realiserast under føresetnad av at leigetakarane underteiknar leigeavtalane.

Vurdering

Eg finn det rimeleg at Austrheim kommune slutter seg til tilrådinga frå styret i Region Nordhordland helsehus IKS om å auke låneramme for prosjektet helsehus til kr. 640 mill.

Konklusjon

Eg rår til følgjande:

Austrheim kommune sluttar seg til at selskapsavtalen §7-4 vert endra og at høgaste ramme for selskapet sitt samla låneopptak vert sett til kr 640 millionar kroner under føresetnad at leigetakarane underteiknar leigeavtalane.